



Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund v/Elevrådsstyret  
Brannaldsmyra 61  
5353 STRAUME



Vår ref.: 2015/1851-1

Dykkar ref.:

Bergen, 12.02.2015

## Busstilbod til Sotra vidaregåande, avdeling Sund

Viser til sak i Vestnytt tysdag 3.februar 2015 der det kjem fram at elevar ved Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund har hatt fleire uheldige opplevingar med busstilbodet til skulen. Hendingar som er nemnd i saka er til dømes bussar som kjører forbi når elevar står på busshaldeplassen og ventar, manglande skilting på bussane, og bussar som ikkje korresponderer.

Vi har stor forståing for at hendingane og konsekvensane dei gir er fortvilande for elevar, lærerar og foreldre ved skulen, og vi er svært lei for at elevar har opplevd å sende e-post med klage til Skyss utan å få tilsvaer.

Henvendingar frå våre reisande er verdifulle for oss, alle innspel vert behandla, og klagar følgd opp og tatt vidare med busselskapa. Vi arbeider kontinuerlig for å gjere busstilbodet betre, og er takksame for konkrete innspel, spesielt når noko ikkje fungerer som det skal.

Vi ønskjer ein føreseieleg og trygg reise for elevane, og håper elevrådet kan sende oss ei samla henvending med oversikt over alle dei konkrete hendingane. Vidare vil vi følgje opp med bussoperatør.

Henvendingar kan sendas til oss via vårt kontaktskjema på [skyss.no](http://skyss.no) eller til e-post [kunde@skyss.no](mailto:kunde@skyss.no)

Vi håper å høyre frå dykk.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø  
Konstituert direktør/leder Trafikktilbud

Camilla Lundberg Berntzen  
Kommunikasjonsrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.